



Norges
Cykleforbund

INVITASJON



NCF NORGESCUP #1 24. MAI

OFFISIELT NM TRIAL 25. MAI

ØYSTESE, HARDANGER

HARDANGER SYKKELKLUBB

INTERSPORT
SPORT TO THE PEOPLE

CRAFT ::

Škoda

PowerBar
trenergi.no

Multi
consult

Hardanger Sykkelklubb har gleda av å invitere deg til premieren på Norgescupen i trial 2014, samt det første offisielle Noregsmeisterskapet i trial i historia. Øystese og Kvam Herad har lange tradisjonar for trial, og har hatt aktive utøvarar sidan tidleg 2000. Konkurransen vil verta arrangert rett ved Hardanger Sykkelklubb sitt trialområde, i vakre omgjevnadar mellom fjord og fjell.

1. STAD

Hardanger Sykkelklubb sitt trialområde ligg rett ved Kvam Ungdomsskule, omlag 450 meter frå sentrum. Frå Bergen (Fv7): Ta av til venstre rett før du køyrer over brua inn til sentrum (du vil sjå Statoil på andre sida av brua). Frå Oslo (Fv7): ta første til høgre etter du har køyrd gjennom rundkøyringa og passert Statoil . Derifrå følgjer ein vegen opp langs elva heilt til ein ser trialarenaen, etter omlag 400 meter køyring.

Arenaen ligg i gåavstand frå to matvarebutikkar, sportsbutikk, apotek, hotell, treningscenter, restaurantar og bensinstasjon, m.m.

Adresse: Holmatunvegen 22, 5610 Øystese

GPS-koordinatar: 60.388395, 6.194329 / 60°23'18.2"N 6°11'39.6"E

2. KLASSAR

Nybyrjar, vidarekomen, ekspert og elite, både for Norgescupen og NM. Valfri hjulstorleik i alle klassar.

Ein vel på bakgrunn av eige nivå. Merk at ein kan ikkje gå ned i klassen i løpet av sesongen, så er du i tvil, start eitt hakk ned.

3. LISENS

Heilårslisens, mogleg med eingongslisens for alle klassar utanom elite. Eingongslisens kostar kr. 50,-, ta med nøyaktig beløp i kontantar. Heilårslisensen må visast ved registrering.

Anbefaler alle å løyse heilårslisens, dette kostar frå kr. 0-750 avhengig av alder og dekningsgrad. Med heilårslisens har du forsikring under all trening heile året.

4. SEKSJONAR OG RUNDAR

Seks seksjonar og tre rundar for alle klasser.

Ein kan køyre seksjonane i valfri rekkefølge kvar runde.

Nytt poengkort for kvar runde.

5. TOTALTID OG RESTTID

Tre timar totaltid med 30 minutt resttid. Totaltida kan verta utvida undervegs eller rett før rittstart.

6. STARTTID

Laurdag 24. mai: kl. 16:00 (NC1).

Sundag 25. mai: kl. 12:00 (NM).

Oppvarming på eige område.

7. DELTAKARMØTE

Laurdag 24. mai: kl. 15:45 ved sekretariatet.

Sundag 25. mai: kl. 11:45 ved sekretariatet.

Obligatorisk for alle deltakarar.

8. BESIKTING

Besikting til fots fram til start begge dagar. Vis hensyn laurdag ettermiddag/sundag morgon under ombygging av seksjonane til NM.

9. RITTLEIAR/TEKNISK DELEGAT

Oddvar Ulltang.

10. SEKSJONSBYGGAR

Eirik Ulltang.

11. REGLEMENT

Konkurransen vil følgje NCFs offisielle reglement for trialsykling. Sjå www.sykling.no for meir informasjon. Hjelm er påbode, hanskar og leggbeskyttarar er anbefalt.

12. PREMIAR

Premieutdeling etter Norges Cykleforbunds retningslinjer rett etter konkurransen (når siste deltakar er ferdig).

13. REGISTRERING

Registrering for begge ritt frå kl. 14:30 til kl. 15:45 laurdag 24. mai.

Registrering for kun NM frå kl. 11:00 til kl. 11:45 sundag 25. mai.

14. PÅMELDING

Påmelding kan skje på to måtar:

1. Via Minidrett.nif.no ved å logge inn med ditt personlege passord. Det krevst ikkje klubbmedlemskap for å melde seg på (gjeld kun for deltakarar som skal løyse eingongslisens). Registreringen på minidrett opnar seinast 31. april. Du må melde deg på ein gong for kvart ritt.

2. Send ein epost med namn, alder, klasse, klubb og type lisens (eingongs- eller heilårslisens) til eirik@biketrial.no. Skriv om du skal delta på kun eitt eller begge ritt. Ver venleg å skriv "NC og NM Øystese" i emnefeltet på eposten.

Startavgifter:

Påmelding online innan 21. mai 23:59: kr. 250,- per ritt/kr. 400,- for begge ritt.

Påmelding etter 21. mai og fram til registrering rittdagen: kr. 300,- per ritt/kr. 500,- for begge ritt.

Familierabatt: Syster eller bror får kr. 50,- i rabatt.

Kontant betaling ved registrering. Ver venleg å ta med nøyaktig beløp.

15. PARKERING

God plass for parkering ved arenaen.

16. SANITET

Røde Kors vil vere til stades.

17. KONTAKT

Eirik Ulltang, arrangør; +47 97022728 / eirik@biketrial.no

18. OVERNATTING

Hotell:

Hardangerfjord Hotell (450 m frå arena). Hotellet har følgjande prisar pr. døgn inkl. frukost:

Enkeltrom: kr. 1100,-

Dobbelrom: kr. 1500,-

3-sengsrom: kr. 1800,-

Hardangerfjord Hotell har reservert fem rom fram til 24. april (laurdag til sundag), og etter dette kan det vere fullt belegg.

Sandven Hotell (i Norheimsund, 6,4 km frå arena). Hotellet har følgjande prisar pr. døgn inkl. frukost:

Enkeltrom/dobbelrom: kr. 795,- (Thon Sport)

3-sengsrom: kr. 995,- (Thon Sport)

Hytter/B&B/Camping:

Hardanger Feriesenter (2,8 km frå arena). Sjå www.hardanger-resort.com for prisar.

Økonomi:

Øystese Gymnas (100 meter frå arena). Me har ordna eit superbra og billig overnattingsalternativ på Øystese Gymnas. Det ligg omlag 100 meter gange frå arenaen. Her er det Internett, tilgang til kantine, dusj og bibliotek. *Maks. 20 personar.* Ta med sovepose/dyne/pute/sengesett/laken.

Bindande påmelding til eirik@biketrial.no.

Per natt per person: kr. 100,-

Sjå www.visitkvam.no for å finne andre overnattingstilbod om ikkje dei over er tilgjengelege/ønskelege.

NB: Merk at det vert arrangert ein stor fotballcup same helga, og at det kan vere lurt å booke overnatting så snart som mogleg.

19. ØVRIG INFORMASJON

Facebookevent: <https://www.facebook.com/events/237244809796544/>

Me ønsker å ha ein fellesmiddag laurdag kveld 24. mai. Nærmare informasjon om dette kjem seinare.

Vel møtt til NC1 & NM!